



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 25.09.2024

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 25.09.24

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Sjur Håvard Øygard, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes, Andreas Elster.  
Diakon Inger Cecilie Fitje deltok også på møtet.

**Forfall:** Jofrid Nordstrand Forthun, Arvid Solås.

#### Kopi av protokollen går til:

Kyrkjeverja, prosten, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste.

##### Godkjenning av referat frå møte 25.04.24.

Ingen spesielle merknadar.

##### Sidan sist.

Leiaren gjekk i grove trekk gjennom aktiviteten som har vore i soknet sidan sist møte den 25.04.24. Aktiviteten i soknet har gått slik ein har planlagt i årshjulet og ein seier seg såleis nøgd med det.

Utanom vanlege gudstenester, konfirmasjon, konfirmasjonssamling, gravferder og dåp, kan ein nemne to friluftsgudstenester, dagnad ved Vadheim bedehuskapell, Olsokmesse, orgelkonsert (avskilskonsert) med Gerda Otterstein, opa kyrkje med bra frammøte og lun stemning og folkemøte i Vdheim bedehus, vedrørande framtida til dette huset.

##### Postliste.

Det har kome inn vanleg post, men ikkje noko spesielt som det er grunn til å melde om.

Leiar har merka seg at det kjem noko informasjonsbrosjyre i glansa papir og har meldt tilbake at dette ikkje er ynskjeleg å få tilsendt i slik tilstand, grunna miljøaspektet.

##### Soknepresten har ordet:

Soknepresten innleia med å snakke litt om kyrkjehøgtida Mikkelsmesse og rolla til erkeengelen Mikael, som blir rekna for å vere ein leiar blandt englane. Mikkelsmesse har ofte blitt feira i samband med hausttakkefesten, som er ei

takkegudsteneste etter årets avlingar og ei takk for skaparverket sine gåver. Teksten som soknepresten greip fat i, var Lukas, kap.10, som handlar om Herren som peika ut 72 andre og sende dei ut framfor seg, to og to, til kvar by. Soknepresten avrunda med å sette orda inn i dagens situasjon. Det er mykje vondt som skjer rundt oss, men dei gode kreftene er der for oss, uansett om ein føler avmakt.

## **Meldingssak:**

### **24015 Personalsituasjonen.**

Leiar gjorde greie for endringar i personalsituasjonen ved kyrkjekontoret. Endringane medfører at der er mindre arbeidskapasitet der. Dette medfører at ein på nytt må gå igjennom den tidlegare planlagde aktiviteten i soknet.

Uavhenging av dette er det tilsett ny organist i 40% stilling (Peter Jobbagy) ny kyrkjemusikar i 50% stilling (Harald Dahlstrøm) og ny sekretær i 50% stilling (Renate Ø.Dale).

### **24016 Diakonen orienterer om sitt arbeid.**

Diakon Inger Cescilie Fitje orienterte litt om utdanninga si og tidlegare engasjement. Vidare gjorde ho greie for sitt arbeid i kommunen, som vil føregå rundt kyrkjelege aktivitetar i Ortnevik, Bjordal og Lavik, men også andre stader ved behov. Ho vil også bidra med andakter på sjukeheimar og ta del i arbeid med konfirmantar og babysong.

### **24017 Trusopplæring i soknet.**

Føresetnadane for den vedtekne plana i trusopplæring er endra og og soknet diskuterte nye løysingar og tiltak.

Truleg lyt nokre arrangement ut.

Utdelinga av 4-årsbøkene den 27.10, kan gå som planlagt.

4 og 6-årssamlingane må kanskje utsettast.

Babysong og hausttakkefest kan truleg gå nokolunde som planlagt.

Når det gjeld aktivitetane innan trusopplæringa, vil ein freiste å sjå om det er andre i soknet/sokna som kan hjelpe til med dette arbeidet.

### **24018 Årshulet.**

Innspel til nye eller allereie vedtekne arrangement for resten av året.

Folkemusikkmesse ved Kyrkjebø den 12.10 går som planlagt. På førehand bør det opplysast om arrangementet ved plakatar og på ulike sosiale plattformer.

Ved dåpsgudstenesta den 13.10 skal konfirmantane vere med og dei vil få nokre enkle oppgåver å utføre.

Ole Ivar Luggenes er kyrkjevert den 27.10 og Jens Ole Årdal er kyrkjevert den 13.10.

Medarbeidarfest er utsett til januar mnd. i 2025.

## **Vedtaksaker.**

### **Sak 017/24: innspel til fellesrådet sitt budsjett for 2025.**

Møtelyden hadde før møtet fått tilsendt tidlegare utarbeidd prioriteringsliste og denne vart gjennomgått av møtelyden.

Prioriteringsliste:

- 1) Vadheim: grusgangane og vegen opp langs vestsida.
- 2) Vadheim: div. rekkverk (for betra tilgjenge øverst på gravplassen).
- 3) Vadheim: vedlikehald og maling på klokketårnet.

- 4) Vadheim: murane rundt klokketårnet.
- 5) Kyrkjebø: sakresti-innreiinga.
- 6) Vadheim: kvilebenkane.
- 7) Kyrkjebø: trea på kyrkjegarden.
- 8) Vadheim: trea rundt plassen.
- 9) Kyrkjebø: smijernsporten i sør.

**Vedtak:** Ein held fast ved tidlegare prioriteringsliste, men stryk det som allereie er heilt eller delvis utført. Dvs. pkt. 3, 5, 6, 7, 8 og 9.

**Sak ymse:**

Nestleiaren ytra forslag om å gjere eit lite tiltak på dei bakarste kyrkjebenkane, for å leie kyrkjelyden litt lenger fram i kyrkja.

Soknerådet slutta seg til at ein kunne prøve med ei slik tilrettelegging.

Jmfr. pkt. 9 i sak 017/24:

Her orienterte underteikna om framdrifta så langt og vil fylgje opp saka vidare. Kari sender ut melding når løkane for neste sesong skal i jorda.

Møterefarent:

Jens Ole Årdal.  
soknerådsmedlem.